

**REPRESENTANTSKAPSMØTE**

**NORDHORDLAND REVISJON IKS**

**Dato:** Fredag 8. juni 2018  
**Kl.:** 08.30 – 09.15  
**Stad:** Hordaland fylkeskommune møterom Sunnhordland

Desse møtte:

Austrheim kommune: Per Lerøy  
Masfjorden kommune: Karstein Totland  
Meland kommune: Øyvind H. Oddekalv (leiar)  
Osterøy kommune: Jarle Skeidsvoll  
Radøy kommune: Jostein Borlaug (vara)

Forfall:

Modalen kommune: Tom Kristian Thorsen (nesteleiar)  
Fedje kommune: Stian Herøy

Dessutan møtte: Styreleiar Lovisa Midtbø og revisjonssjef Reidar Bjørsvik

---

**SAKSLISTE:**

SAK 01/18 GODKJENNING AV MØTEINNKALLING OG SAKSLISTE  
SAK 02/18 GODKJENNING AV MØTEUTSKRIFT 08.12.2017  
SAK 03/18 MELDINGAR  
Møteutskrift styret 04.12.2017  
Møteutskrift styret 02.05.2018  
Orientering frå styreleiar  
SAK 04/18 GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG ÅRSREKNESKAP 2017  
SAK 05/18 MØTEGODTGJERSLE  
SAK 06/18 GODTGJERSLE TIL REVISOR

---

Leiar i representantskapet Øyvind H. Oddekalv, ynskter velkommen.

Etter lov om interkommunale selskap § 9 skal møteutskrifta underskrivast av møteleiar og to av representantane som blir vald i møtet. Til å underskrive møteboka vart vald Per Lerøy og Jarle Skeidsvoll i tillegg til representantskapsleiar.

**SAK 01/18 GODKJENNING MØTEINNKALLING OG SAKLISTE**

**Vedtak:**

**Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.**

**SAK 02/18 GODKJENNING AV MØTEUTSKRIFT 08.12.2017**

Det var ingen merknader til møteutskrift.

**Vedtak:**

**Møteutskrift av 08.12.2017 vart godkjent.**

**SAK 03/18 MELDINGAR**

- Møteutskrift styret 04.12.2017
- Møteutskrift styret 02.05.2018
- Orientering frå styreleiar
  - Nordhordland Revisjon AS blir meld inn som medlem i Nordhordland Næringslag
  - Noverande revisjonssjef har sagt opp stillinga og styret vil starta ein prosess for å sikre vidare drift i selskapet. Det er ynskjeleg å få etablert ei arbeidsgruppe der leiar saman med ein av dei øvrige medlemene i representantskapet deltek saman med styreleiarane i Nordhordland Revisjon IKS og Nordhordland Revisjon AS samt revisjonssjef.

**Vedtak:**

**Meldingane vert tekne til etterretning.**

**SAK 04/18 GODKJENNING AV ÅRSMELDING OG ÅRSREKNESKAP 2017**

Årsmelding, rekneskap, revisjonsmelding og signert fullstendighetserklæring er sendt ut med innkalling.

Styret har gjort fylgjande vedtak om årsmelding og årsrekneskap 2017 i sak 04/18:

*Samrøystes vedtak:*

*Styret godkjenner og signerer årsrekneskap og årsmelding.*

*Styret gjer framlegg om fylgjande vedtak i representantskapet:  
Representantskapet godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2017.  
Årets mindreforbruk, kr 391 506, blir avsett til disposisjonsfond  
øyremerka lønn- og pensjonsområdet.*

Rekneskap og årsmelding vart gjennomgått og kommentert.

**Samrøystes vedtak:**

**Representantskapet godkjenner årsrekneskap og årsmelding for 2017.  
Årets mindreforbruk, kr 391 506, blir avsett til disposisjonsfond  
øyremerka lønn- og pensjonsområdet.**

**SAK 05/18 MØTEGODTGJERSLE**

Vedlagt innkalling låg oversikt over godtgjersle etter tidlegare vedtak i representantskapet.

I representantskapet sitt møte 14.06.2011, sak 05/11 vart det uttrykt ynskje om at valnemnda legg fram innstilling i framtidige saker om fastsetting av møtegodtgjersle. Valnemnda presenterte sitt framlegg i møtet.

**Samrøystes vedtak:**

**Nye satsar med virkning for 2018:**

	<b>Gjeldande</b>	<b>Ny sats</b>
<b>Godtgjersle leiar</b>	<b>Kr 40 000</b>	<b>Kr 40 000</b>
<b>Godtgjersle nestleiar</b>	<b>Kr 10 000</b>	<b>Kr 10 000</b>

**Nye satsar med virkning frå 08.06.2018:**

	<b>Gjeldande</b>	<b>Ny sats</b>
<b>Møtegodtgjersle</b>	<b>Kr 1 600</b>	<b>Kr 1 600</b>
<b>Tapt arbeidsfortjeneste udokumentert</b>	<b>Inntil kr 1 700</b>	<b>Inntil kr 1 700</b>
<b>Tapt arbeidsfortjeneste dokumentert</b>	<b>Inntil kr 3 400</b>	<b>Inntil kr 3 400</b>

**SAK 06/18 GODTGJERSLE TIL REVISOR**

Revisjonsgodtgjersle er utgiftsført med kr 26 500 i 2017.  
I 2016 var utgiftsført revisjonshonorar kr 25 800.

**Samrøystes vedtak:**

**Godtgjersle til revisor blir godkjent etter rekning.**

Bergen, 8. juni 2018

  
Øyvind H. Oddekalv  
Leiar i representantskapet

  
Per Lerøy

  
Jarle Skeidsvoll

